



Kathy Iren Mikkelsen
Nordstrandvegen 45
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1609 - 18/14573

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
28.06.2018

Godkjenning - GBNR 9/24 - Løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad

Administrativt vedtak. Saknr: 149/2018

Tiltakshavar: Kathy Iren Mikkelsen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

SAKSUTGREIING

Tiltak:

Administrasjonen viser til søknad journalført motteke 13.06.2018, om løyve til oppføring av tilbygg på til eksisterande fritidsbustad på gbnr 9/24 i Meland kommune. Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) gitt status som spreidd fritidsbustad, jf føresegn 3.23, tabell 9.2.

Eksisterande fritidsbustad er i matrikkelen oppgitt med eit samla bruksareal (BRA) på 40,9 m². Søkar har opplyst eksisterande BYA på 42 m², og omsøkt tilbygg er opplyst med samla BYA på 39,15 m². Totalt vil hytta få eit samla BYA på 81,15 m² etter oppføring av omsøkt tiltak. Eigedommen er på 1414 m². Tilbygget ligg innanfor 100 metersbeltet til sjø, det er gitt dispensasjon frå forbod om tiltak i strandsona I UDU-vedtak 58/2017. Plassering og utforming av tilbygget er skildra gjennom situasjonskart og plan-, snitt- og fasadeteikningar vedlagt søknaden.

Gjennom vedtak datert 17.07.2017 gav administrasjonen løyve til oppføring av tilbygg til same fritidsbustad. Eigedomen har i ettertid skifta eigar, som no ynskjer å bygge eit noko anna og mindre omfattande tilbygg. Administrasjonen vurderer at det ikkje er trong for ny dispensasjon, men at omsøkt tiltak ligg innanfor dispensasjonen gitt av UDU i sak 58/2017.

Det blir vist til søknad med vedlegg journalført motteke 13.06.2018 og UDU vedtak av 6.6.2017. Administrasjonen vurderer at søknaden inneheld tilstrekkelege opplysningar til at den kan behandlast, jf pbl § 21-2, 1. ledd.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

VURDERING:

Nabovarsling:

Søknaden ble nabovarsla i juni 2018. Nabovarslinga blir vurdert som tilstrekkeleg, jf pbl § 21-3.

Plan- og lovgrunnlag:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) gitt status som spreidd fritidsbustad, jf føresegn 3.23, tabell 9.2. Omsøkt tiltak er i samsvar med formålet og krev ikkje dispensasjon, jf føresegn 3.2.2. Fritidsbustaden – etter gjennomføring av tiltaket som omsøkt – held seg innanfor dei generelle krava til storleik og utnyttingsgrad for fritidsbustader, jf føresegn 1.6.14 til KPA. Tilhøvet til byggegrensa mot sjø er avklart gjennom ovannemnde dispensasjonsvedtak.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Administrasjonen godkjenner plassering av tiltaket som vist på situasjonsplan vedlagt søknaden, jf pbl § 29-4, 1. ledd. Tiltaket er i samsvar med føresegnene i pbl. § 29-4 om plassering, høgde og avstandskrav.

Planløyising og utsjånad:

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf. pbl §§ 29-1 og 29-2. Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK 10), jf. pbl § 29-5.

Veg-, vatn- og avlaup:

Tiltaket endrar ikkje desse tilhøva.

VEDTAK:

”Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl) § 20-4, jf § 21-4 løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr 9/24 i Meland kommune, jf søknad journalført motteke 13.06.2018.

Plassering og utforming av tilbygg og konstruksjonar skal vere som vist på vedlagt situasjonskart og plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 13.06.2018. Minstegrensa på 4 meter frå nabogrense er absolutt dersom anna ikkje følgjer av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna følgjer av dette vedtaket.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart
Teikningar

Mottakarar:

Kathy Iren Mikkelsen

Nordstrandvegen 5265
45

YTRE ARNA